


SAMARBEIDSAVTALE

OM UTGREIING AV FORBEHANDLINGSANLEGG FOR MATAVFALL

1. Renovasjonsselskapa i nordvest har intensjon om å gjennomføre ei felles utgreiing knytt til handteringa av det innsamla matavfallet i regionen. Selskapa som samarbeider om dette er:
 - Nordfjord Miljøverk IKS
 - Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS
 - Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS
 - Bingsa AS
 - Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS
2. Andre kommunar eller IKS kan slutte seg til samarbeidet dersom dei øvrige samarbeidspartane samtykker, og det vert gjort forpliktande avtale om økonomisk deltaking, jf pkt 5.
3. Målet for forprosjektet er å vurdere alternative vegar for handtering av innsamla matavfall i regionen.
 - a. Hovudfokus på forbehandling av matavfallet, slik at det kan nyttast til råstoff i fullskala biogassproduksjon. Teknikk, økonomi og logistikk skal vere sentrale tema i utgreiinga.
 - b. Tiltaket skal sjåast opp mot alternativa:
 - i. Status quo: vidareføre dagens praksis med uttransport frå regionen gjennom konkurranseutsetting
 - ii. fullskala biogassanlegg primært basert på matavfall og evt andre supplerande råstoff
 - c. Forprosjektet skal først fram til ei tilråding til vegval, framlegg til vidare arbeid og evt framlegg til avtale.
4. Prosjektgruppa er samansett av ein representant frå kvar av dei deltakande selskapa. I utgangspunktet er det dagleg leiar som representerer selskapet, dersom ikkje selskapet oppnemner nokon annan. Prosjektgruppa har i oppdrag å organisere og gjennomføre forprosjektet, fortrinnsvis iløpet av 2.halvår 2023.
5. Samla kostnadsramme for tenestekjøp frå ekstern part knytt til forprosjektet er kr 250.000. Dei deltakande selskapa bidreg med kvar sine like store deler i prosjektkostnaden.
6. I tillegg til ei skriftleg utgreiing frå ekstern, kompetent part, skaffar prosjektgruppa eit kunnskapsgrunnlag gjennom eigen kontakt og besøk på relevante anlegg og hos potensielle kjøparar av råstoffet. Ut frå dette samla grunnlaget skal prosjektgruppa kome med eit framlegg til vidare arbeid og evt avtalegrunnlag for det. Dette skal handsamast i dei einskilde selskapsstyra før vidare iverksetting.

Dato/stad/signatur

Sandane, 03.07.2023



Nordfjord Miljøverk IKS


Andrea Ø. Søverud

Søre Sunnmøre Reinholdsverk IKS

Ulsteinvitz 3016-23

Volda og Ørsta Reinholdsverk IKS

Hovde bygda 29.06.23



Bingså AS 
Mangelandsvegen 1, 6010 Ålesund
Org.nr: 923 030 913 MVA

Alesund, 30. Juni 2023

Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS

